
Saknr: 2019/89-2
Saksbehandlar: Ida-Beate Mølmesdal

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutval for ungdom		01.02..2020

Utnevnning av representant i innstillingsnemnd for klima- og miljøpris

Forslag til vedtak

1. Ungdomspolitisk utval oppnemner ein representant som deltek i innstillingsnemnda.

Representant frå fylkesutval for ungdom:.....

Samandrag

Fylkesutvalet i Vestland vedtok i møte 3. desember retningslinjene til Vestland fylkeskommune sin klima og miljøpris. Det vart også vedteke kven som skal delta frå fylkesutvalet i ei innstillingsnemnd til prisen. I retningslinjene står det også at innstillingsnemnda skal inkludere eitt medlem utnemnt av Vestland Ungdomsutval.

Paal Fosdal
fylkesdirektør

Ida-Beate Mølmesdal
klimakoordinator

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Saksutkast fylkesutval 03.12.2019 for klima- og miljøpris
- 2 Protokoll frå fylkesutval 03.12.2019 for klima- og miljøpris

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hordaland fylkeskommune sin miljøpris er ein godt etablert pris og har blitt delt ut sidan 1992. Sogn og Fjordane fylkeskommune innførte ein klima- og miljøpris i 2018 då fylkestinget vedtok Regional plan for klimaomstilling i juni 2018 (FT-sak 26/18). Fyrste klima- og miljøpris for Sogn og Fjordane vart delt ut til Evoy AS i fylkestinget 24. april 2019. Retningslinjene som då vart vedteke tok utgangspunkt i Hordaland fylkeskommune sine retningslinjer, og dei to prisane er i så måte likt utforma. Som nytt fylke vart det naturleg å vidareføre denne prisen, og felles retningslinjer vart difor utforma og lagt fram som sak til fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune.

Vedtak i fylkesutvalet

I fylkesutvalet 3. desember 2019 (FU-sak 18/2019) vart retningslinjene til Vestland sin klima- og miljøpris vedteke. Fylkesutvalet vedtok at valnemnda skulle nominere tre personar til å sitje i innstillingsnemnda til prisen.

Vedtak i saka blei:

Punkt 1 vert sendt til valnemnda.

1. *Fylkesutvalet vel desse tre medlemane - frå eige utval, der ein vert leiar, og ein vert varamedlem, til innstillingsnemnda for klima- og miljøprisen:*

Leiar:
.....
.....

Vara:

2. *Vestland fylkesutval utnemner ein representant som deltek i innstillingsnemnda.*
3. *Nemnda er valt for 2020 og 2021.*
4. *Retningslinjene for tildeling av klima- og miljøprisen vert vedtatt slik dei ligg føre i saksframstillinga.*

Fylkesutvalet gjer vedtak om kven som får tildelt prisen.

Tidlegare vedtak i Fylkestinget

Valnemnda presenterte forslag om deltakarar i innstillingsnemnda, og dette vart vedteke i Fylkestinget 17. desember 2019.

Fylkestinget gjer slikt val av representantar til styre, råd og nemnder for perioden 2019-2023:

....

Klima- og miljøpris 2020 - Innstillingsnemnd

Leiar: Marthe Hammer (SV)
Morten Klementsens (FNB)
Natalie Golis (MDG)

Vare: Svein Halleraker (H)

Oppnemning av innstillingsnemnd

Fylkesrådmannen rår at ungdomsutvalet utnemner eitt medlem som stiller i innstillingsnemnda for klima- og miljøprisen. På denne måten har Vestland Ungdomsutval høve til å påverke kven som får fylket sin fyrste klima- og miljøpris. Innstillingsnemnda vert valt for 2 år.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Prisen er 70 000 kr. Midlane er øyremerka i budsjettområde Klima

Klima: Prisen vil skape merksemd i media kring klima- og miljøarbeidet i fylket, og støtte aktivitet og initiativ i fylket.

Folkehelse: Ikkje relevant. Nokre av dei innkomne nominasjonane kan likevel ha ei positiv verknad på innbyggjarane sine levekår og livskvalitet.

Regional planstrategi: Regional planstrategi er enno ikkje vedteken, men klimaprisen er i tråd med tematikken som ligg i utfordringsbiletet som er utforma så langt. Der er 5 av 10 utfordringar klimarelaterte.

Konklusjon

Fylkesutvalet vedtok retningslinjene til prisen og valnemnda får i oppgåve å utnemne tre personar til å delta i innstillinga av prismottakar, samt ein vararepresentant. For å få fulltalig innstillingsnemnd rår fylkesrådmannen Vestland Ungdomsutval til å utnemne eitt medlem til innstillingsnemnda til Vestland sin klima- og miljøpris.

Nemnda skal leggje fram grunngjevne forslag til kandidat/ar til klima- og miljøprisen til fylkesutvalet. Fylkesutvalet avgjer kven som får klimaprisen, og utdelinga skjer fyrste fylkesting etter vedtak.